

Lindås kommune
Rådmannen
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dykkar ref.:

Vår ref.:
16/98 - 6 / RL / 042

Dato:
17.01.2017

Oppretting av prosjektstilling arkiv og digital samanslåing i samband med kommunereforma

Vi sende den 24.02.2016 ut brev til eigarkommunane der vi ba om tilbakemelding i høve til oppretting av ei prosjektstilling i samband med kommunereforma og digital samanslåing av kommunane. Problemstillinga har og blitt drøfta på eigarmøte for IKA-Hordaland IKS, som har vore gjennomført i dei ulike regionråda i Hordaland siste året.

I Hordaland er nær 120 000 innbyggjarar og 13 kommunar no omfatta av kommunereforma. Endeleg vedtak kjem fyrst gjennom kongeleg resolusjon i juni 2017. Alle kommunane i reforma, har etterslep i arkivarbeidet, i tillegg til utfordringar knytt til digital samanslåing og oppstart av ein ny digital kommune.

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS, har som mål, at K13 - kommunane¹ skal være godt budde når det gjeld å tenkje arkiv og digital samanslåing. Det føreset at vi startar så snart som råd, då arbeidet er svært omfattande. Kommunane sine behov i tida framover vil vere såpass store, at vi, ikkje har ressursar til å klare dette innanfor rammene av eigartilskotet.

For å kunne møte utfordringane på best mogleg måte føreslår vi difor i kraft av selskapsavtalen § 4-4 å opprette ei prosjektstilling på inntil 3 år med oppstart frå våren 2017 og avslutting våren 2020.

Mål for prosjektet / prosjektstillinga

Arkivlova med forskrift er under revisjon og nytt regelverk vil komme på bordet i tida fram til 2020. Både Arkivverket, Kartverket og KS sin FOU rapport – peikar alle på ulike problemstillingar som krev løysing. Det samt at ei samanslåing utløyser krav om svært korte fristar på enkelte leveranser, gjer planlegging, samarbeid og felles koordinering naudsynt.

Målet for prosjektet er at alle K13 kommunane skal både ha ei oversikt og ein plan for korleis ein skal komme ajour med handteringa av dokumentforvaltninga i samband med kommunesamanslåinga. Arbeidet skal og leggja grunnlag for at den nye kommunen har ein strategisk plan for dokumentforvaltninga si og at denne kviler på digitale prosessar og bruk av elektroniske arkiv.

¹ K13 – kommunane refererer til dei 13 som til no har vedteke samanslåing, Fjell, Sund, Øygarden, Os, Fusa, Voss, Granvin, Ullensvang, Odda, Jondal, Meland, Lindås og Radøy.

Prosjektet skal levere rådgjeving samt rapportar med anbefalingar som kan leggjast fram for dei ulike fellesnemndene i dei nye kommunesamarbeida. Det er og eit mål at ein gjennom prosjektet skal dele kunnskap og arbeidsprosesser samt dra veksler på kvarandre.

Prosjektet skal samarbeide med kommunane om å søkje midler til omstillingsarbeidet.

Finansiering

I samband med kommunereforma gjev staten ein eingongsstønad som skal brukast til omstillingsarbeidet. Arkiv og digital samanslåing er ein del av dette omstillingsarbeidet. I tillegg kan ein søkje midlar frå mellom anna Fylkesmannen, Arkivverket og KS. Her må kommunane sjølve ta på seg rolla som søkjar, då vi som eit IKS ikkje kan søkje midlar åleine.

Fordeling av kostnader

Då prosjektstillinga er tenkt som ei tilleggsteneste frå IKA-Hordaland IKS, må den finansierast av dei eigarkommunane som er ein del av kommunesamanslåinga.

Våre kalkylar tilseier at ei stilling inkl. lønn sosiale kostander samt driftskostand vil koste IKA 900 000 årleg i tre år, totalt 2,7 millioner kroner. Vi foreslår at desse kostandane vert fordelt på K13- kommunane etter folketal pr. 2016. Om kommunane i fellesskap ynskjer andre løysingar er vi opne for det.

Kommune	Folketall	Årlige tilskot	Totalt
	2016		
Fjell	24 892	kr 188 387,00	kr 565 161,00
Fusa	3 980	kr 30 121,00	kr 90 363,00
Granvin	925	kr 7 001,00	kr 21 003,00
Jondal	1 100	kr 8 325,00	kr 24 975,00
Lindås	15 631	kr 118 299,00	kr 354 897,00
Meland	7 847	kr 59 387,00	kr 178 161,00
Odda	6 942	kr 52 538,00	kr 157 614,00
Os	19 833	kr 150 100,00	kr 450 300,00
Radøy	5 089	kr 38 516,00	kr 115 548,00
Sund	6 987	kr 52 878,00	kr 158 634,00
Ullensvang	3 400	kr 25 731,00	kr 77 193,00
Voss	14 425	kr 109 171,00	kr 327 513,00
Øygarden	7 868	kr 59 546,00	kr 178 638,00
Sum:	118 919	kr 900 000,00	kr 2 700 000,00

Kommune	Folketal 2016	Årleg tilskot
Nye Øygarden	39747	300 812,00
Nye Nordhordland	28567	216 200,00
Nye Ullensvang	11442	86 595,00
Bjørnefjorden	23813	180 221,00
Nye Voss	15350	116 172,00
Sum	118919	900 000,00

For å få til ein rask oppstart kan IKAH forskottere ei stilling inntil 6 månader med lovnad om at kommunane gjev tilskot til stillinga så snart finansieringa t.d. midlane frå staten er utbetalt.

Gevinstar med samarbeidet

Gevinsten er fagleg så vel som økonomisk. Arkiv og digital samanslåing er prosessar som krev planlegging og koordninerings av fleire leveransar på kort tid. Desse prosessane nyt godt av høg kompetanse. Vi meiner at kompetanse vert rimeligare om ein kjøper den i felleskap. Vi ser og at felles planlegging og koordinerings på enkelte områder kan bidra til å redusere risiko i prosjektet. Gode framgangsmåter og idear kan delast og ein får ein ressurs som følgjer prosessane i den enkelte kommunen tett.

Om dette er interessant for dykkar kommune, gjer vel å gje ei tilbakemelding snarast råd og seinast innan 30. januar då vi ynskjer å komme i gang med arbeid så snart som råd er.

Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål.

Med venleg helsing

Rune Lothe
dagleg leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.